



På plass på Rabben: Heidi og Tony.

**Ein bil med belgiske skilt er ikkje daglegdags på Rabben Feriesenter midtvinters, heller ikkje turistar frå det landet på denne tida av året,**

**Difor fangar det interesse når ikkje berre ein belgiar men også ein spaniol tar inn i hytte nummer 10.**

Rett nok viser det seg at dei kan kallast turistar, men dei er i enda større grad jobbsøklarar som synest Norge er eit herleg land og Uskedalen ein fantastisk stad.

Han heiter Tony Rombaut og er frå Barcelona. For nokre år attende jobba han 4 år i Oslo, først i eit kjøken og seinare i byggebransjen. Den siste jobben, for Mesterhus, førte han til Belgia der han traff Heidi Vandenbroeck, som har vore pleiemedhjelpar heime i Antwerpen.

Grunnen til at dei no ferierer på Rabben er at begge likar seg så godt i Uskedalen at dei ønskjer å slå seg ned og jobba her. Ho likar seg ikkje minst på Skotpo, der jo har jobba 3 månader hos Ole Kristoffer Vågen, Seinare har begge feriert her i 3 veker.

Heidi har allereie eit bein innafor, ho skal frå 1. mars jobba i Isrosa i Herøysund. Tony har førebels ingen jobb, men kallar seg sjølv ein altnogelegmann som kan gjera kva som helst. Begge snakkar godt norsk og er fulle av entusiasme og energi!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen